

Referat frå kommunemøte torsdag 29. oktober 2020

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen og KS

Ikkje til stades: Osterøy og Årdal.

Det var mange saker til møtet, innanfor ein del av temaa vil referatet difor vere meir fyldig enn dei munnlege orienteringane.

1. Utviklinga i smittesituasjonen

Det har vore ein nokså sterk auke i smitte lokalt og i klynger, som gjer at dei nasjonale tala har vorte høgare. Noreg har no det høgaste talet innlagde pasientar med covid-19 sidan mai. Det er bakgrunnen for at regjeringa på måndag kunngjorde ein del nasjonale innstrammingar.

Ei av endringane er karantenereglane for gjestearbeidarar. Mellom anna vil gjestearbeidarar frå det EU definerer som raude land, ikkje lengre kunne arbeide før ein karantenerode på 10 døgn er gjennomført. Vi har sett at det har vore utfordrande ein del stader med smitte i denne befolkningsgruppa, og håpar at dette kan bidra til å redusere risikoen for smitteutbrot i verksemder med mange gjestearbeidarar.

Nasjonale styresmakter understrekar at sjølv om det no vert innført strengare nasjonale krav og tilrådingar, er det viktig at kommunane fortløpande vurderer behovet for supplerande lokale tiltak som ein del av handteringa av lokale utbrot.

Sjå her for meir informasjon om dei nasjonale innstrammingane: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nye-nasjonale-innstramminger/id2776995/>

Covid-19-forskrifta er òg oppdatert jamfør dei nye nasjonale krava. Forskrifta finn de her: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2020-03-27-470>.

Rundskriv I-7/2020 om lokale smitteverntiltak er revidert med forsterking av tilrådde tiltak. Det reviderte rundskrivet finn de her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-i-72020-om-kommunale-smitteverntiltak-som-forbyr-eller-begrenser-sosial-omgang/id2769937/>

2. Utarbeiding av lokale forskrifter

Eli Eide, jurist på byrådsleders avdeling i Bergen kommune, orienterte om utarbeiding, prosess og publisering av lokale forskrifter. Notat med oppsummering ligg ved referatet.

Eide orienterte m.a. om formalkrav, lovheimel i smittevernlova, vedtak og publisering på lovdata. Berre strengare tiltak enn nasjonale kan fastsetjast i lokal forskrift som påbod, og det er viktig å bidra til å unngå forvirring.

Rettleiing frå justis- og beredskapsdepartementet om lov- og forskriftsarbeid: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veiledning-om-lov--og-forskriftsarbeid/id87536/>

Pandemisituasjonen har ikkje gjeve kommunen tid til offentleg høyring av tidsavgrensa forskrifter, men det vore kontakt med aktørar som t.d. undervisningsinstitusjonar og politiet i forkant.

Fylkesmannen orienterte om at det finns tilgjengeleg opptak av to ulike webinar i regi av andre embete:

- Fylkesmannen i Vestfold og Telemark: [«Utforming av forskrifter for å begrense smittespredning»](#)
- Fylkesmannen i Rogaland: [Kurs i lokale forskrifter – covid-19](#).

Vi gjer merksam på at presentasjon frå sistnemnde er tilgjengeleg for nedlasting same stad som webinarret, fram til 4. november.

3. Smitteverntiltak i og rundt Bergen

Smitteverntiltak i Bergen

Som følgje av det auka smittepresset i Bergen har Bergen kommune innført nye tiltak denne veka. Bergen kommune har både kome med krav i form av lokal forskrift og tilrådingar.

Informasjon om tiltaka finn de her:

<https://www.bergen.kommune.no/hvaskier/tema/koronavirus/siste-nytt/dette-er-de-nye-koronatiltakene-i-bergen>

Den lokale forskrifta finn de her: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/3728597/Forskrift-om-smitteverntiltak-i-Bergen-kommune>

Koordinering av smitteverntiltak rundt Bergen

I forlenginga av innføring av nye smitteverntiltak i Bergen, ønskte kommunane rundt Bergen å raskt koordinere sine påfølgjande tiltak.

Christian Fotland, kommunedirektør i Bjørnafjorden kommune orienterte om samarbeidet og koordinering av tiltak mellom dei omkringliggende kommunane til Bergen. Byrådsleiar i Bergen, Roger Valhammer, inviterte til eit møte i forkant av pressekonferansen tysdag 27. oktober der dei nye tiltaka i Bergen vart presentert. Fotland uttrykte takksemnd for at Bergen orienterte kommunane rundt om tiltaka som ville bli innført, og gav skryt til dei involverte i kommunane for eit godt samarbeid til Fylkesmannen og FHI for god hjelp. Kommunane koordinerte seg vidare om tilrådingar i høve tiltaka og vedtak i Bergen.

FHI sendte tysdag kveld eit forslag/oppsett med tilrådingar i høve lokal forskrift i Bergen og tilrådingar. Basert på erfaringar i Oslo-Viken. Fylkesmannen koordinerte eit felles møte mellom kommunane rundt Bergen onsdag. Ordførarane hadde møte same ettermiddag saman med kommunikasjonsansvarlege og kommunedirektørar, der det vart semje om felles pressemeding som vart sendt til NRK Vestland og regionale aviser. Kvar kommune informerte meir detaljert for lokale forhold til eige lokalmedia.

Fylkesmannen gav skryt til kommunane for å ha respondert raskt og samhandla godt. Det er viktig for innbyggjarane, og bidreg til å skape mindre forvirring.

Den omtalte oversikta frå FHI er ei tilråding, og kommunane med sin lokalkunnskap må gjere ei vurdering av kva tiltak som er aktuelle for dei. Oversikta skil mellom to kategoriar:

- Kommunar med innbyggjarar som har nær kontakt med Bergen gjennom pendling, og sosiale/kulturelle aktivitetar.
- Kommunar med innbyggjarar som har nær kontakt med Bergen gjennom pendling.

Alle dei omkringliggende kommunane har så langt valt å gi tilrådingar, og vurderer fortløpande om det er naudsynt å innføre krav gjennom lokal forskrift. Kommunane Øygarden, Alver, Askøy, Bjørnafjorden, Samnanger, Vaksdal, Osterøy identifiserte seg som kommunar med nær kontakt med Bergen gjennom pendling og sosiale/kulturelle aktivitetar jf. tilrådingane frå FHI. Dei ønskte difor å ha likelydande tiltak og å gi felles pressemelding. Austevoll identifiserte seg som en kommune som i hovudsak har nær kontakt med Bergen gjennom pendling, og har difor halde seg til tilråding om bruk av munnbind på kollektivtransport på reiser til/frå Bergen.

Vi er kjent med at det er fleire kommunar enn dei som har vore involvert i omtalt samarbeid og prosess så langt som har ein del pendling mot Bergen. Dokumentet frå FHI ligg difor ved referatet, og vi ber om at dei kommunane som identifiserer seg som innanfor ei av dei to kategoriane gir oss ei tilbakemelding på om de vurderer det som føremålstenleg å innføre tiltak og i så fall kva tiltak, og om det vert formulert som tilrådingar eller lokal forskrift – **innan måndag 2. november kl. 12.00** til fmvlberedskap@fylkesmannen.no.

4. Smittesituasjonen i Øygarden kommune

Kommuneoverlege Stein Stigen orienterte om smittesituasjonen i kommunen og delte erfaringar frå utbrota dei har handtert. Per i dag har kommunen 17 smitta og 250 i karantene. Kommunen har tidlegare måtte stenge ned skular og barnehage men ikkje per no. Det blir tatt mellom 80 og 140 prøvar dagleg og dette går greitt - folk får stort sett time same dag eller dagen etter.

Øygarden har, som kommunane rundt seg, innført smittesporingsverktøyet Remin. Det gjer det m.a. lettare å både gi og ta i mot hjelp av andre. På det meste har 14 smittesporarar vore i aktivitet ved tidlegare utbrot, med todelt skiftdeling i tidsrommet 8-22, 7 dagar i veka. Kommunen kan auke opp med folk ved behov. Målet er å varsle alle nærkontaktar same dag, for å avgrense fare for vidare smittespreiing. Stigen gav skryt til samarbeidet med dei andre kommunane og Fylkesmannen, og uttrykte at det gir ein trygghet å ha andre å spele på og kunne gi hjelp til. Han viste òg til gode erfaringar med å få raske svar frå FHI og Fylkesmannen utanfor kontortid.

Stigen delte gode erfaringar frå kontakt med, og oppfølging av utanlandske arbeidarar med påvist smitte. Kommunen har sett at språkkompetanse i smittesporingsteamet har vore viktig, og at arbeidsgjevarar får testa tilsette hjå kommunen gir meir oversikt for kommunen. Dei har på bakgrunn av signerte fullmakter i forkant, kunne gi tilbakemelding om prøvesvar til ein kontaktperson i verksemda, som deretter vidareformidlar budskapet til den enkelte. Dette har vore effektivt og har sikra at budskapet kjem riktig fram.

5. Press mot kommuneoverlegar

Fylkesmann Gunnar Hæreid orienterte om opplysningar Fylkesmannen har fått, om press mot kommuneoverlegane frå aktørar som ønskjer å påverka kva tiltak kommunen gjer vedtak om i ein smittesituasjon. Lokale restriksjonar kan i større eller mindre grad tenkjast å påverka økonomien til ei verksemd, anten det er ei hjørnesteinsverksemd i verftsindustrien, ein frisør, ein restaurant eller pub eller eit treningssenter.

Dei aller fleste aktørane er høgst lojale mot både nasjonale og lokale vedtak. Nokre verksemder ønskjer likevel å få fram si side av saka, som er både legitimt og eigentleg eit lovkrav for lokale vedtak

(at kunnskapsgrunnlaget skal utgreiast). I praksis vil det vera ein fordel at dei som tapar på eit tiltak kjem til orde før det vert gjort vedtak. Men korleis skal vi handtere dei som vi opplever som ubehagelege, fordi dei er pågåande, insisterande eller til og med trugande?

Kommunane har fullmakter etter smittervernlova til å gjera naudsynte tiltak for å førebyggja smitte, både vedtak som gjeld einskilde verksemdar og allmenne forskrifter som gjeld heile kommunen. Vi ønskjer at kommunane brukar desse fullmaktene når det er naudsynt for å førebyggja konkret fare for smittespreiing i ein kommune eller innanfor ei verksemd. På andre sida; allmenn fare for smittespreiing som gjeld for heile landet, må vera opp til Helsedirektoratet, eller i praksis regjeringa, å gjera tiltak mot.

Dette ansvaret gjer at kommunane stundom må gjera vedtak om upopulære tiltak. Når slike tiltak må innførast, står vi ofte i ein hastesituasjon, der det er kommuneoverlegen som har fullmakta fordi det tek for lang tid å samla kommunestyret, som har den eigentlege fullmakta til kommunane.

Kva må kommuneoverlegen hugse på når vi står midt oppi ei vanskeleg avgjerd om å innføra lokale smitteverntiltak?

- Bruk ressursane rundt til å ta dei rette avgjerdene. Kommunedirektøren/rådmannen, evt. andre kollegaer innan kommunehelsetenesta, Fylkesmannen, andre kommuneoverlegar og Folkehelseinstituttet vil alle bidra med råd så godt vi kan. Særleg viktig er det sjølvstendig å ha støtte frå rådmannen og når rådmannen har vore med i drøftinga av kva tiltak som er relevante, bør det alltid skrivast inn i vedtaket.
- Meld alltid frå til kommunedirektøren/rådmannen om ubehagelege opplevingar og be om at rådmannen vurderer om det skal gjerast noko med. Kommuneoverlegen bør aldri sjølv sitje med ansvaret for å vurdere om ei ubehageleg oppleving skal takast opp vidare eller ikkje.

Kva bør kommuneadministrasjonen og særskilt rådmannen hugse på i slike situasjonar?

- Kommunedirektøren/rådmannen bør vurdere å be om ei avgrensa fullmakt frå kommunestyret til å gjera vedtak etter smittervernlova i hastesituasjonar. Eit vedtak som både Kommunedirektøren/rådmannen og kommuneoverlegen står ansvarleg for, vil kanskje ha større tyngd enn eit vedtak kommuneoverlegen har gjort åleine.
- Kommunedirektøren/rådmannen må vera ein god diskusjonspartner og støtte for kommuneoverlegen, både i forkant av og etter at kommuneoverlegen gjer eventuelle vedtak om tiltak.
- Kommunedirektøren/rådmannen må "ta støyten" og vurdere kva som skal gjerast med press. Her er alternativa først og fremst å vurdere om ein skal ta opp med den som har kome med presset, at det har vore opplevd som ubehageleg. I dei verste tilfella må ein vurdere om noko er eit trugsmål som bør meldast til politiet. Hjå Fylkesmannen praktiserer vi det slik at alt vi identifiserer som trugsmål, må meldast til politiet, uavhengig av utsiktene til å få nokon straffa og uavhengig av om vi meiner at trugsmåla kan koma til å bli sett ut i live eller ikkje.
- Kommunedirektøren/rådmannen kan tilsvarande be om råd, både frå ordføraren, og elles frå kollegaer i andre kommunar, frå Fylkesmannen, KS eller FHI.

Hæreid la til at Fylkesmannen syns dette er ei nyttig problemstilling å få på bordet, og at vi har meldt det inn til DSB og Hdir, som melder tilbake at dei ser på dette som ei viktig problemstilling å følgje

med på.

Oppsummering:

- Kommuneoverlegen og kommunen må stundom ta avgjerder om tiltak som både er upopulære og som grip sterkt inn i økonomien til ei eller fleire verksemd. Når vilkåra i lova er følgde, er dette både naudsynt og legitimt.
- Hugs å opplyse saka, i praksis få innspel frå dei hardast råka partane, dersom det er tid
- Kommuneoverlegane må bruke ressursane rundt for å få råd til å gjera dei beste vedtaka, altså rådmann, Fylkesmannen, andre kommuneoverlegar eller FHI.
- Sit aldri åleine på det ein opplever som press eller trugsmål - ta det i alle fall opp med kommunedirektøren/rådmannen.
- Kommunedirektøren/rådmannen bør ta sin del av ansvaret, både for sjølve vedtaket (må få delegert fullmakt frå kommunestyret) og for å vera ei støtte for kommuneoverlegen og følgje opp mogleg press eller trugsmål.
- Kommunedirektøren/rådmannen må på tilsvarande vis hente inn råd og støtte frå ordføraren, Fylkesmannen, KS, andre rådmenn eller FHI.

6. Skjønnsmidlar til fordeling

Regjeringa har gjort ei fordeling av dei sist løyvde midlane på 500 mill. kroner som særskilt kompensasjon til kommunar som har hatt store ekstrautgifter som følge av lokale utbrot. På grunn av relativt høgt smittetrykk har Vestland fått tildelt 85 mill.

Vi arbeider med fordelingsmodell, og vil vurdere om vi har tilstrekkeleg informasjon eller om det er naudsynt med meir kartlegging av smitteutbrota i kommunane. Fristen for fordelinga er 1. desember. Kommunane treng difor ikkje gjere noko, før Fylkesmannen eventuelt tek kontakt ved behov for meir informasjon.

Kommunalministeren har i brev peika på at regjeringa heile tida har vore tydeleg på at den tar sikte på å dekke alle naudsynte kostnader som følgjer med oppfølginga av TISK-strategien. Han understrekar at fylkesmannen skal målrette tildelinga til kommunane som har dei største utfordringane, og dermed dei største utgiftene.

Parallelt har arbeidsgruppa som har berekna meirutgifter i kommunesektoren i samband med pandemien, levert rapporten sin. Som ei oppfølging av rapporten, skal regjeringa legge fram ein tilleggspolisjon for 2021 der det vil komme tilleggsløyvingar.

7. Kommunikasjonspakke frå Helsedirektoratet og FHI

Helsedirektoratet og FHI har laga ei «pakke» til kommunane som støtte i kommunikasjonsarbeidet. Kommunen må sjølv vurdere innhaldet og korleis det kan tilpassast til ein aktuell situasjon.

Dokumenta i kommunikasjonspakken og plakatar om covid-19 finn de i kapittel om [beredskapsplanlegging, kriseledelse og krisekommunikasjon](#) i Helsedirektoratets rettleiar.

Råd og bistand i kommunikasjonsarbeidet

Viss kommunen treng råd eller bistand i kommunikasjonsarbeidet ved eit utbrot av covid-19, kan kommunen kontakte Fylkesmannen, Folkehelseinstituttet eller Helsedirektoratet.

Kontaktinformasjon (alle er 24/7):

- Fylkesmannens beredskapsseksjon - telefon 916 99 098 eller fmvlberedskap@fylkesmannen.no

- Medievakt i Folkehelseinstituttet - telefon 21 07 83 00 eller medievakt@fhi.no
- Pressevakt i Helsedirektoratet - telefon 400 33 431 eller presse@helsedir.no

Pressevaktene i FHI og Helsedirektoratet er tilgjengeleg 24 timar i døgnet og kan formidle kontakt vidare til medarbeidarar med spisskompetanse på krisekommunikasjon.

Tekstmelding til kommunens innbyggjarar

Helsedirektoratet har høve til å sende ut SMS-varsel til heile befolkninga eller alle som oppheld seg i eit avgrensa område. Dersom det oppstår behov for å sende ut tekstmeldingar til alle som til dømes oppheld seg i ein kommune, og kommunen ikkje har eit system for dette, kan kommunen kontakte Fylkesmannen. Fylkesmannen kan orientere Helsedirektoratet, som så vil vurdere behovet.

Meir hjelpedokument, informasjon og råd om kommunikasjonstiltak ved utbrot av covid-19 finns i FHI si [Håndbok for oppdaging, vurdering og håndtering av covid-19-utbrudd i kommunen, kapittel 7 Krisekommunikasjon](#) og i kapittel om [beredskapsplanlegging, kriseledelse og krisekommunikasjon](#) i Helsedirektoratets rettleiar.

Informasjon på fleire språk

Vi minner om at FHI og Helsedirektoratet har utarbeidd informasjonsmateriell på ulike språk:

Informasjon på fleire språk frå FHI: <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/?chapter=89177>

Helsedirektoratet: brosjyrar, plakatar og opplæringsmateriell knytt til covid-19 (hak av for covid-19 og gå inn på dei ulike temaa): <https://www.helsedirektoratet.no/brosjyrer?typetema=933fbf8b-f587-4e2e-bf0c-252dfe54ef20>

8. Innmelding av utbrot i Vesuv

Vi ser at det framleis er ein del utbrot i fylket som ikkje vert registrert i Vesuv. Vi vil difor på nytt oppmode alle kommunane om å syte for at utbrot vert raskt registrert der.

Varsling av utbrot i Vesuv sørgjer for at både FHI og Fylkesmannen får rask beskjed og kan yte bistand ved behov. Det er ein eigen boks som kan hakast av i ved innmelding, for at FHI skal ta kontakt med meldar. Utbrot er definert som meir enn ein person, og meir enn ein husstand.

9. Status smittevernutstyr

Kvalitet på utstyr

Dei fleste kommunane kjøper utstyr frå seriøse grossistar og då skal det ikkje vere naudsynt med testing i kommunens regi. Ved spørsmål bør dei i første omgang stillast til grossist.

Kommunane kan framleis få testa smittevernutstyr hos Forsvarets forskningsinstitutt (FFI), særleg om det er kjøpt gjennom andre kanalar. Ved stor pågang kan det bli kapasitetsutfordringar, men vi forventar ikkje at så mange sender inn samtidig. Dokumentkontroll er ein vesentleg del av innkjøpet. Statens legemiddelverk, Arbeidstilsynet og Hdir har laga ein [forenkla rettleiar som er publisert på Hdirs nettsider](#).

Nasjonalt beredskapslager

Det nasjonale beredskapslageret skal sikre både dei regionale helseføretaka og kommunane om dei ikkje klarer å skaffe tilstrekkelege mengder på eiga hand. Målet er at beredskapslageret skal ha eit volum som sikrar 6 månaders forbruk for heile landet, både for kommunane og dei regionale

helseføretaka. Dette målet vil være nådd for dei fleste typar smittevernutstyr i løpet av 1. kvartal 2021.

Kalkulator

Helsedirektoratet ser at det er stor variasjon i forbruk av personleg verneutstyr per innbyggjar i ulike kommunar som har likt smittepress. Dei har difor bedt Helse Sør-Øst om å utarbeide ein kalkulator som gjer at kommunane kan sjå korleis deira forbruk av personleg verneutstyr er, samanlikna med andre kommunar. Det er frivillig å nytte seg av kalkulatoren.

Kartlegging av kommunanes innkjøp av smittevernutstyr

340 av landets kommunar har svart på kartlegginga av innkjøp av smittevernutstyr. 83 % seier dei vil legge inn bestilling innan 1. november. Med atterhald om at desse kommunane faktisk gjer det, vurderer Hdir at status for lagerbeholdning i landets kommunar sett under eitt vil vere rimeleg tilfredsstillande.

Vi minner om at det er estimert 2-4 månaders ledetid (tid frå bestilling til levering). For å følgje dette vidare vil ny kartlegging bli sendt ut i veke 46.

Fortsatt rapportering i 2021

For at Helsedirektoratet skal kunne følge situasjonen vidare, er det viktig at kommunane fortset med rapportering av personleg verneutstyr i Altinn-løysinga òg etter nyttår. Dette vil kunne gi direktoratet eit forvarsel om evt. behov for ekstraordinære tiltak utover det som allereie er sett i verk.

10. Råd til sektorar der tilsette bur på arbeidsplassen

FHI har oppdatert [råd til arbeidsplassar](#) med eit nytt avsnitt som gjeld sektorar der tilsette bur på arbeidsplassen:

Arbeidsplassar der tilsette lever tett på kvarandre over tid, som t.d. på brakkeriggjar, vil være særleg utsett for smittespreiing. Her er det difor spesielt viktig med forsterka hygienetiltak og avgrensing i kontakt mellom tilsette.

Følgjande råd er utarbeida for sektorar der tilsette bur på arbeidsplassen:

- Personar med luftvegssymptom må ikkje gå på jobb eller opphalde seg i fellesrom.
- Personar som får luftvegssymptom bør bli testa, og unngå kontakt med kollegaer inntil testsvaret er klart. Ved negativ test kan dei vere saman med kollegaer så lenge allmenntilstanden er god.
- Personar som har fått påvist smitte skal vere i isolasjon. Viss dei ikkje kan reise heim, må det setjast av eigne område til dette. Dei bør ha eige bad/toalett, og mat bør bli servert på rommet. Etter isolasjonen er gjennomført må rom, toalett og andre område gjerast reint.
- Personar som blir identifisert som nærkontaktar av smitta skal vere i karantene. Viss dei ikkje kan reise heim, må det setjast av eigne område til dette. Personar i karantene skal ikkje opphalde seg i felles opphaldsrom, og må vere ekstra merksame på luftvegssymptom.
- Personar som er i innreisekarantene, må ha einerom i heile karanteneperioden. Dei kan ikkje gå på jobb eller opphalde seg i fellesrom så lenge dei er i karantene. Tiltak om unntak for innreisekarantene og fritak for arbeidsreisande, og tilrådde smitteverntiltak og oppfølging finnast her.
- Arbeidsgjevar bør vurdere å etablere mindre grupper/arbeidslag slik at ein reduserer tal tilsette som har kontakt med kvarandre. Dette gjeld både i arbeidstida, i pausar og utanom arbeidstid i felles opphaldsrom og liknande.

- Kommuneoverlegen er ansvarleg for å følgje opp covid-19-tilfelle og deira kontaktar.

Når det gjeld gjennomføring av innreisekarantene for tilsette som IKKJE bur på arbeidsstad, vil vi be Helsedirektoratet om ei nærare vurdering av korleis dette skal praktiserast.

11. Webinar om TISK-strategien i veke 45

Vi ønskjer å gjennomføre eit webinar for kommunane neste torsdag (5. november kl. 13.30), med tema oppfølging av TISK-strategien ved større smitteutbrot. Erfaringsdeling sentralt stikkord, t.d. forhold til arbeidsgjevar i store verksemdar. Vi sender ut innkalling til Teamsmøte, for same tidsrom som dette møtet, men oppmodar om at kommunane held av tida.

12. Øvingar

Vi har allereie avtale med ein god del av kommunane om å øve på oppfølging av TISK-strategien, særleg smittesporing. Vi meiner det er viktig at alle kommunar som ikkje allereie har vore gjennom eit litt større utbrot, øver på det. Vi høyrer difor gjerne frå fleire av kommunane.

13. Melding til Fylkesmannen ved stenging av barnehagar og skular

Etter møte med statsråden i går kom det fram at informasjonen frå kommunane om stenging av skular og barnehagar er særleg nyttig og blir brukt i mange samanhengar. Den gir òg eit viktig bilete av kommunar sin situasjon som følgje av smitteverntiltak.

Frå fylkesmannen si side ser vi at all rapportering tek tid. Vi vil likevel oppmode sterkt om at kommunane framleis melder til oss ved vedtak om stenging i barnehagar og skular.

Fylkesmannen oppmoda avslutningsvis kommunane om å ta kontakt dersom det er tema dei ønskjer skal bli tatt opp i kommunemøta. Bruk e-postadressa: fmvlberedskap@fylkesmannen.no.